## DELTAKARAVGIFT OG PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

For å delta på seminaret må du ha spelt ei stund, men ikkje nødvendigvis i band.

Deltakaravgift: Kr 700.

Dette inkluderer: Enkel overnatting i Brokke fredag - sundag, 3 måltid laurdag, 2 måltid sundag,. Instruksjon, fri entré og høve til deltaking (spele!) under konsertarrangementa laurdag og sundag.
Kiosk og kafé vil vere opne.

Du må ha med deg sovepose og det du treng til overnatting, og eige instrument (der vil vere nokre trommesett på staden). Dersom vi får fleire påmeldte enn vi kan ta inn, er det to prinsipp som rår: Først til mølla og instrumentering (altså samansetting av instrument i gruppa).
Heile arrangementet er 100 % alkoholfritt.

## PÅMELDING

**Bindande påmelding til**

**torunn.charlotte.lund@valle.kommune.no**

**Påmeldingsfrist: Så snart som mogleg eller seinast 25. juni!**

**Påmeldinga må innehelde følgjande info:**

1. **Namn**
2. **Alder**
3. **Adresse**
4. **Mobiltelefonnr og e-postadresse**
5. **Instrument**
6. **Om du allereie speler i band og om resten av bandet ditt i så fall deltek**
7. **Om du vil ha overnatting eller ikkje**

## Våre instruktørar



Magnus Tveiten



Lars Erik Asp



Knut Marius Djupvik



Frode Hammersland

Spørsmål? Kontakt
torunn.charlotte.lund@valle.kommune.no,
rådgjevar kultur Valle kommune
tlf 37937556 / 97061587

**Takk til våre samarbeidspartnarar og sponsorar:**
Bykle kommune, Aust-Agder musikkråd, Nomeland anlegg AS, Setesdal regionråd, Valle sparebank, Otra kraft, Bygland og Evje kommunar, Kristiansand Rock City, Norsk kulturskoleråd.

# ROCK I BROKKE

Arr.
Valle kommune i samarbeid med Brokke alpinsenter

**SPELAR DU I BAND,**

**GÅR DU MED EIN DRAUM OM Å SPELE I BAND eller**

**HAR DU PLANAR OM Å STARTE BAND?**

ROCK i BROKKE 2010

## BANDSEMINAR

**27.-29.AUGUST 2010,**

**BROKKE ALPINSENTER**

Rock i Brokke bandseminar er for ungdommar frå ungdomsskulealder og oppover. Du treng ikkje å vere med i band allereie for å delta på Rock i Brokke, men du må ha spelt ei stund. Du kan delta med gitar, bass, vokal, slagverk, sax, fele… Instruktørane er erfarne og utdanna til å tilpasse til ulike nivå og instrument.

**Vi har topp instruktørar, som alle er utøvande musikarar:**

Magnus Tveiten: Gitarist som stiller i eigen klasse - må berre opplevast! Kjent frå Rubber Biscuit og In Vain. Mastergrad i rytmisk frå Universitetet i Agder.
Lars Erik Asp: Heilt rå trommis - rett og slett himmelrå! Med i metalbandet Ground Zero System. Mastergrad i rytmisk frå Universitetet i Agder.
Frode Hammersland: Denne bassisten har groove - og her snakkar vi rapiditet! Har m.a. spelt med Vidar Busk, Vidar Johnsen (Vamp), Johnny Augland, Darryl McDade, Idol-turné. Og ja, mastergrad i rytmisk frå Universitetet i Agder, han òg!
Knut Marius Djupvik: Up and coming! Vokalist i banda Captain Knut & the Cabin Crew og Red Hot. Student ved universitetet i Agder (tek master i rytmisk).

Vi har om lag 20 plassar, litt avhengig av kva for instrument dei som melder seg på har, og i fjor var kurset heilt fullt!

Tilbakemeldingar frå deltakarar på Rock i Brokke bandseminar 2009:
"Dette var dritgøy - lært masse!!"
"Eg kjem tilbake neste år!"
"Intruktørane var råbra!"
"Dette er best!"

**Program**

Fredag

Kl 1700: **Innsjekking.** Seinast innan kl 1930 (for dei som følgjer bussen). Planlegge, rigge, bli kjende, jamme, kome i gang! Enkel kveldsmat.

Laurdag

Kl 0930-1030: Frukost.

Kl 1030-1300: Øving og instruksjon.

KL 1300-1345: Matpause. Kjetil Nordhus frå Kristian sand Rock City orienterer om musikkbransjen og kva Rock City jobbar med.

Kl 1345-1600: Øving og instruksjon.

Kl 1600-1800: Middag. Slappe av, starte rigging til konsert.

Kl 1800-1930: Øving til konsert.

Kl 1900-0000: Opent ungdomsarrangement i teltet, ungdomsskulealder og oppover. Jamming, konsert med seminardeltakarane, instruktørane og gjesteband (mellom andre ASK frå Froland). Diskotek etterpå.

Sundag

Kl 1000-1100: Frukost.

Kl 1100-1400: Øving, førebuingar til konsert.

KL 1400-1500: Lunsj, slappe av.

Kl 1400-1500: Lydprøver.

Kl 1600: Open konsert med seminarbanda, instruktørane og ev gjesteband.

**Kva er**

**??**

ROCK I BROKKE vart første gang arrangert i 2009, og kan vere starten på ein fast ungdomsfestival i Setesdal. Det er ei blanding av bandseminar på dagtid og eit mega ungdomstreff på laurdagskvelden, kor det er konsert, diskotek og ungdomsklubbane i Setesdal har felles kick-off.

Aktørane bak ROCK I BROKKE er Valle kommune i samarbeid med Brokke alpinsenter. Brokke alpinsenter stiller sitt område og alle sine lokale til disposisjon for arrangementet.

Nabokommunane Bykle, Bygland og Evje er med gjennom ungdomsklubbane og kulturskulane. Som ved alle andre slike arrangement er også dette basert på mykje frivillig innsats.

**Bli med på ROCK I BROKKE 2010!**

ROCK I BROKKE ROCK I BROKKE ROCK I BROKKE